

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		04.06.2020

## Tildeling Rom for møte - teknologi, spel, og integrering 2020

Forslag til vedtak:

1. Utval for Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek å løyve 250 000 kroner fordelt slik:

Søkn.nr.	Søkjar	Prosjektnavn	Tilrådd sum
1	Strilabiblioteket, Alver kommune	Spelrom - rom for alle	35 000
2	Austrheim folkebibliotek	Spelglede på biblioteket	avslag
3	Bremanger folkebibliotek	Spelrom på Bremanger folkebibliotek	avslag
4	Etne bibliotek	Meet & make	avslag
5	Fjaler bibliotek	Rom for spel i Fjaler folkebibliotek	30 000
6	Fitjar folkebibliotek	Rom for spel	avslag
7	Kvinnherad bibliotek	Me spelar på lag 2	30 000
8	Osterøy bibliotek	Dataspel i biblioteket	avslag
9	Stord folkebibliotek	Rom for møte/Digital utvikling av Stord folkebibliotek	35 000
10	Tysnes folkebibliotek	Spelrom Tysnes folkebibliotek	avlag
11	Ullensvang bibliotek	Spilloteket	35 000
12	Voss Bibliotek	Geimar du?	35 000
13	Øygardsbiblioteka	Spelrom i biblioteket på Straume	40 000
14	Årdal bibliotek	Rom for møte - spelerom i Årdal bibliotek	10 000

Det vert vist til vedlegget med oversikt over søkjrarar for grunngjeving av vedtaket.

2. Fylkesdirektør får fullmakt til å nytte kr 50 000 i attverande midlar til kompetansetiltak innan spel og teknologi for bibliotektilsette i Vestland fylke hausten 2020, i tråd med tilseigna frå Gjensidigestiftinga og prosjektutlysinga i Rom for møte – teknologi, spel og integrering 2020.

## Samandrag

Ordninga har som føremål å bidra til mangfald og betre integrering mellom nordmenn og innvandrarar, ved å ta i bruk felles arenaer og aktivitetar i samarbeid med frivillige i folkebiblioteka.

Det er kr 250 000 tilgjengeleg til prosjekt i kommunane utanom Bergen i 2020. Det kan søkast om midlar til å utvikle spelerom og tilknytte aktivitetar i biblioteka. Det er i tillegg sett av kr 50 000 til kompetanseheving og erfaringsutveksling innan spel og teknologi for bibliotektilsette i Vestland.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering

Ruth Ørnholts  
seksjonssjef bibliotekutvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Vedlegg

- 1   Oversyn søknadar - Rom for møte - teknologi, spel, og integrering  
2020

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Dataspel og digital formidling er aktualisert i Vestland fylkeskommune blant anna gjennom eit politisk initiativ knytt til utvikling av ein eigen E-sport strategi (jfr. PS 14/2019). Ein sentral del av arbeidet med strategien er korleis fylkeskommunen kan bidra til meir kunnskap og kompetanse om dataspel og e-sport i samfunnet. Lokale folkebibliotek har ei viktig samfunnsoppgåve i å formidle kunnskap til alle. Tilbodet utviklar seg i takt med samfunnet, med eit auka fokus på teknologi og spel.

I ei slik samfunnsutvikling er det ei fare for at det kan oppstå digitale skilje i befolkninga knytt til tilgang til ny teknologi. Digitale skilje kan vere uheldig med tanke på framtidige arbeidsmoglegheiter og deltaking i samfunnet. Dette kan også dreie seg om det sosiale. Om lek og moro går føre seg digitalt, er det viktig å ha like moglegheiter for å delta i desse aktivitetane. Speling som sosial aktivitet, er eit viktig grunnlag for møteplassar på tvers av kulturar, særleg for unge.

Som eit verkemiddel for å hjelpe folkebiblioteka som integreringsarena på dette samfunnsområde, har Vestland innvandrarråd i samarbeid med Bergen Off. Bibliotek og seksjon for bibliotekutvikling i Vestland fylkeskommune søkt om midlar frå Gjensidigestifta. Vestland Innvandrarråd har blitt tildelt 1,7 millionar kr til satsing på teknologi og spel for 2020 og 2021. Seksjon for bibliotekutvikling har ansvar for prosjektleiing, bidrar med å koordinere og rådgje i utviklinga, og har ansvar for kompetanseutviklinga i samarbeid med relevante aktørar.

Løyvinga vert fordelt mellom samarbeidspartnerane, og Vestland fylkeskommune har tilgjengeleg kr 300 000 i 2020. Midlane skal nyttast til prosjekt i kommunar utanom Bergen og til kompetanseheving og erfaringsutveksling. Kriteria for utlysing vart handsama i saka *Rom for møte - teknologi, spel, og integrering 2020* i Hovudutval for kultur og integrering 21.04.2020 (PS 64/2020).

Søknadene er gode og følgjer kriteria i ordninga. Det er positivt at så mange bibliotek ønskjer å utvikle lokale spelerom. Prosjekta omhandlar arbeid med integrering, å motarbeide digitale skilje og samarbeid med andre aktørar for å løyse tiltaka lokalt. Gjennom fleire søknadar og i kontakten med biblioteka er det vist til at bibliotektilsette har behov for meir kompetanse om spel som eit grunnlag for tilbod og aktivitet.

Fylkesdirektør ønskjer å bruke kr 250 000 til prosjektilskot og kr 50 000 til fellestiltak innan kompetanseheving og erfaringsutveksling i biblioteka. I tråd med tilsegna frå Gjensidigestifta og prosjektutlysinga i *Rom for møte - teknologi, spel og integrering 2020*. Desse tiltaka vil komme fleire bibliotektilsette til gode på tvers av kommunegrenser og kan vere ein måte å hjelpe bibliotek som ønskjer å arbeide med dette viktige samfunnsområde framover.

### Føremål med ordninga

Føremålet med ordninga er å bygge vidare på det gode arbeidet som vert gjort for å bidra til mangfald og betre integreringa lokalt i biblioteka. Det kan gjerast ved å tilby digitalt utstyr og skape spelerom med aktivitetar som utviklar sosiale møteplassar i lokalsamfunna, i samarbeid med frivillige og andre relevante aktørar. Målet er at barn og unge møtast rundt felles interesser for teknologi og spel.

#### Generelt:

Vedtakskompetanse: Hovudutval for kultur, idrett og integrering.

Budsjett 2020: Sum kr 300 000

Søknadsfrist 2020: 22.mai

Vedtak kriteria: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

21.04.2020 PS 64/2020

Kriteria og informasjon om ordninga: Informasjon på nettsida

#### Vår 2020

Tal på søknadar: 14

Tal på søknadar som vart tildelt støtte:	7
Samla søknadssum:	558 336
Samla løyving:	250 000

**Fylkesdirektør sine overordna kommentar til innstillinga:**

Ordninga syner korleis fylkeskommunen kan samarbeide med kommunale folkebibliotek og frivillige for å oppnå politiske mål innan integrering og digital inkludering. Søknadene synleggjer ei sterk vilje og ønskje hos biblioteka for å utvikle seg innan inkludering. Kompetanse om spel og teknologi hos biblioteka er ei viktig forutsetning for dette arbeidet. Søknadene er gode og følgjer kriteria i ordninga. Det er positivt at så mange bibliotek ønskjer å utvikle lokale spelerom. For å sikre god gjennomføring av prosjekta, har ein valt og satse på få prosjekta framfor å fordele litt til alle. Det blir ny utlysing hausten 2020.

**Absolutte kriteria**

Ut frå tilseigna frå Gjensidigestiftelsen.

**Vurderingskriteria**

I vurderinga er det tatt omsyn til om tiltaket er i tråd med føremålet med ordninga, heilskap knytt til aktivitet, samarbeidspartnerar og budsjett.

**Vurderingar og verknader**

**Økonomi:** Tildelinga er i samsvar med budsjett.

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** *Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle:* Kulturopplevelingar har positiv verknad på folkehelsa.

**Regional planstrategi:** Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, *Kultur for alle*, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, *PREMISS: KULTUR* set mål for inkludering og integrering.

**Konklusjon**

Fylkesdirektør ser tilskotsordninga *Rom for møte - teknologi, spel, og integrering 2020* som eit viktig bidrag til fylkeskommunen sitt inkluderingsarbeid innan integrering og motarbeidning av digitale skilje i befolkninga. Prosjekta synleggjer kva rolle folkebibliotek kan spele lokalt innan integrering og digital kompetanse som offentlege innsatsområde. Rom for møte-prosjekta er eit døme på korleis fylkeskommunen kan arbeide regionalt for å koordinere og støtte lokale integreringstiltak og understøtte regionale satsingar innan spel og teknologi..